



Statens vegvesen



## Bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Fastlandssamband Halsnøy frå 1. april

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017–2018) og lokale vedtak vert det innført bompengeavgift i Fastlandssamband Halsnøy for nullutslepps-køyretøy i takstgruppe 1 som svarer til 50 pst. av ordinær bompengetakst etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal inntil vidare ikkje betale bompenge.

Takstane i Fastlandssamband Halsnøy er som følger:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompengetakst	96,00	264,00

Tabell 1. Bompengetakster for Fastlandssamband Halsnøy i 2018-kr.

Ordinær bompengetakst etter rabatt er kr 76,80. Endringa medfører at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 frå 1. april 2019 skal betale kr 38,40 per passering.

Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elkøyretøy og hydrogenkøyretøy. Betaling av bompenge som nullutsleppskøyretøy krev gyldig avtale og elektronisk brikke. Utan avtale og elektronisk brikke, vil null-ut-sleppskøyretøy bli belasta ordinær takst på linje med andre køyretøy utan gyldig avtale og elektronisk brikke.

**Takstendringa kan klagast inn til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.**